



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Velkommen til Os  
Dialogkonferansen  
5. – 6. september 2018



Dialogkonferansen er ein årleg møtestad for kommunar og fylkeskommunen der målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivering og inspirasjon til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Andre regionale samarbeidspartnarar blir inviterte ut frå innhaldet i programmet.

Representantar frå kommen deltek i planlegginga av konferansen for å få eit best mogeleg program i høve dei utfordringane kommunane står ovanfor innan fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Denne gongen er Os i programkomitèen. Vi håpar at alle kommunane i Hordaland finn programmet interessant og relevant i høve arbeidet med å skape ein **Aktiv Kvar Dag** for sine innbyggjarar.

Målgruppa for konferansen er administrativt tilsette som er ansvarleg for kultur, idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar.



Deltaking på konferansen er gratis og Hordaland fylkeskommune dekker kostnaden ved overnatting for ein deltakar frå kvar kommune.

Vi overnattar på Solstrand Hotel & Bad. Pris per person utover dette er kr 2500,-.  
Kostnad til reise t/r må dekkast av den enkelte kommune/ organisasjon for alle deltakarar.

I samband med årets Dialogkonferanse vert det synfaring til m.a.

Friluftsområde, Osmarka

Os idrettspark

Nore Neset, skuleanlegg

Huset innom huset, Kulturbygg

Friplassen

Ta med klede og sko etter vår. Vi legg opp til bruk av private bilar når vi skal flytte oss på synfaring. Særlege behov i høve mat og andre ting er fint om de informerer om ved påmelding.

Ta kontakt med Hanne Espe tlf 55 23 91 78/ [hanne.espe@hfk.no](mailto:hanne.espe@hfk.no) eller Bjørg Larsen tlf 55 23 91 65/ [bjorg.larsen@hfk.no](mailto:bjorg.larsen@hfk.no) om noko er uklårt eller de har spørsmål.

Elektronisk påmelding gjennom våre nettsider.

**Velkommen til aktive dagar på Os!**



**Mål:** Fagleg oppdatering, nettverksbygging, motivasjon og inspirasjon.

**Målgruppe:** Administrativt tilsette og politisk ansvarlege for kultur, idrett og friluftsliv. Administrative representantar for kommuneplanlegging. Folkehelsekoordinatorar.

**Stad:** Os



# Program

Onsdag 5. september

- 09.30 Registrering
- 10.00 Kulturinnslag  
Velkommen v/ordfører Marie Elisabeth Bruarøy  
Idrett og friluftsliv som del av samfunnsutviklinga i Os kommune  
Helsing frå Utval for kultur, idrett og regional utvikling
- 10.45 Sidan sist v/ Britt Karen Spjeld
- 11.30 Pause
- 11.45 Spelemidlar v/ Bjørg Larsen
- 12.45 Lunsj
- 13.45 Spelemidlar v/ Bjørg Larsen
- 14.45 Pause
- 15.00 Os kommune, planlegging og utvikling v/Tom Leonsen  
Livet på Øyro – plansjefen v/Tina Sinclair
- 15.45 Kunstgras og granulat
- 17.00 Os skytesenter  
Aktivitatar ved Os orienteringsklubb (orientering/ stolpejakt) og Os skyttarlag
- 20.00 Middag  
Quiz



## Torsdag 6. september

07:00 Aktiv kvar morgon: Morgontur i Strandvegen

### Kuventræ:

09:00 Nye utfordringar: E-sport v/ Norges idrettsforbund og Fusa kommune

09:15 Turskiltprosjektet v/ Roar Haugsgjerd

09:35 Fysisk aktivitet i skulen/ Teikn din skulegard v/ Atle Skrede (Sogn og Fjordane fylkeskommune)

10:00 Pause

10:15 Dialog

10:45 Osbadet, Sentralidrettsanlegget Kuventræ (modellar, utfordringar og løysingar)

11:00 Lunsj med synfaring Kuventræ

11:45 Synfaringar med egne bilar;

1. Friluftsområder. Nærtur – Osmarka
2. Friplassen
3. Skuleanlegg (Nore Neset)
4. Vognhallen, lokalt kulturbygg (huset innom huset)

15.00 Takk for denne gong!

